

## Nordavinden og sola

Vinden og sola var ueinige om kven som var den sterkaste.

Dei blei einige om å konkurrere om det.

«Ser du han som går der nede på vegen?» spurde vinden.

«Den som klarer å få av han frakken, er sterkast. Er du einig?»

«Det er i orden,» svarte sola. «Du prøver først!»

Vinden begynte å blåse.

Skyer fór over himmelen. Tre ramla. Greiner og kvistar knakk.

Vinden bles sterkare og sterkare, men mannen drog frakken betre og betre rundt seg.

Så var det sola sin tur.

Ho titta fram bak ei av skyene.

Den kalde lufta blei snart varm.

Mannen titta opp.

Sola steig høgare på himmelen. Det blei varmare og varmare.

Til slutt orka ikkje mannen varmen.

Han kasta av seg den tjukke frakken.

«Der ser du kven som er sterkast av oss!» sa sola.

Men vinden hadde alt gått og lagt seg.

